

## Rutinar for å få innvilga studiepermisjon (sjølvstendig studiearbeid)

Sjølvstendig studiearbeid betyr at eleven gjer avtale med skulen om å arbeide på eiga hand for å nå læreplanmåla.

Ein kan søke om sjølvstendig studiearbeid dersom ein har:

- 1) Langvarig fråvær eller mange fråværsdagar pga. sjukdom.
- 2) Fråvær i samband med graviditet/fødsel.
- 3) Foreldreansvar (sjukt barn).
- 4) Fråvær pga. organisasjonsarbeid som tillitsvald på nasjonalt/internasjonalt nivå.
- 5) Fråvær som skyldast at ein er utøvar på kultur- og/eller idrettsarrangement på nasjonalt/internasjonalt nivå.
- 6) Obligatorisk langkøyring, glattkøyring og oppkøyring. (Ikkje ordinære køyretimar.)
- 7) Andre tungtvegande grunnar.

Ein kan berre søke studiepermisjon for heile dagar.

### Slik går du fram:

- 1) Før søknad vert sendt, må eleven snakke med kontaktlærer. Kontaktlærer gir rektor beskjed dersom det ikkje er tilrådeleg med studiepermisjon.
- 2) Eleven søker minst 10 yrkedagar (arbeidsdagar) før permisjonen. (Ved oppkøyring er fristen 5 yrkedagar.)  
Søknaden skal sendast på e-post til: **post.osg@hfk.no** (evt. leverast på kontoret).  
I søknaden må ein minst ha med elevens namn, klasse, kontaktlærer, årsak til søknad om permisjon og dokumentasjon (der dette er naturleg, for eksempel innkalling frå køyreskulen).
- 3) Når rektor har behandla søknaden, får eleven/føresette svar i altinn. Kontaktlærer får kopi.
- 4) Dersom rektor har innvilga studiepermisjon må eleven sjølv kontakte alle faglærarane sine og gjere avtalar om arbeidsoppgåver (bruk skjema). Eleven beheld originalavtalane.
- 5) Fråvær vert ført som vanleg.
- 6) Etter studiepermisjonen må eleven sjølv sørge for at faglærarane får kontrollert at arbeidsoppgåvene er gjort. Når dei er godkjende, gir eleven alle underskrivne skjema til kontaktlærer.
- 7) Kontaktlærer kan da fjerne fråvær i Skolearena.

## Sjølvtendig studiearbeid - avtale mellom faglærer og elev

Faglærer: \_\_\_\_\_

Fag: \_\_\_\_\_

Elev: \_\_\_\_\_

Fråvær: (timetall, datoar) \_\_\_\_\_

Kopi av godkjent søknad om studiepermisjon skal leggest ved.

Type arbeid/oppgåver:


Dato for ferdig arbeid (viste oppgåver, innlevering e.l.): \_\_\_\_\_

Sign. elev: \_\_\_\_\_ Sign. faglærer: \_\_\_\_\_

### Praktisering av sjølvtendig studiearbeid ved Os gymnas

Sjølvtendig studiearbeid betyr at du gjer avtale med skulen om å arbeide på eiga hand for å nå læreplanmåla. Når du har fått godkjent søknad om sjølvtendig studiearbeid, skal dette skjemaet nyttast til å avtale studiearbeid mellom deg og den einskilde faglærer. Avtalane må gjerast i rimeleg tid før studiearbeidet tek til. Sjå rutinar for å få innvilga studiepermisjon. Når studiearbeidet er ferdig, må du få faglærer til å kontrollera og godkjenne arbeidet. Deretter leverer du alle avtalane tilbake til kontaktlærer som gjer fråværet om til studiepermisjon.

Arbeidet er kontrollert og godkjent:

Dato: \_\_\_\_\_ Signatur faglærer: \_\_\_\_\_